



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 01.11.2023 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

### Frammøtte:

Desse er kalla inn:

Linda Hasund	Medlem
Odd Arne Vikebakk	Medlem
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Mirjam Håland Iglund	vara for geistleg representant
Monica Leine Tokheim	2. vara
Janne Fylsvik Rønningen	3. vara
Christfried Kaul	sekretær

### Forfall:

Margit Lovise Holte	geistleg representant
Beate Hopland Langnes	1. vara

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivkode
S-2023/38		Velkomen som medlem i Ulstein sokneråd	002.3
S-2023/39		Informasjon om arbeid i sokneråd	002.3
S-2023/40		Val av leiar og nesteleiar i Ulstein sokneråd	002.3
S-2023/41		Val av representantar i utval og kontaktpersonar	002.3

### Godkjenningar:

Innkalling:	godkjent
Sakliste	sakliste godkjent med ei ekstra meldingssak: markering Protest mot drap av sivile

Ulsteinvik, 12.12.2023

---

## Meldingssak med vedtak: Markering av vår protest mot drap av sivile

### UTGREIING

Saka blei ikkje sendt ut på førehand, men godkjent til handsaming under godkjenning av sakliste i starten av møtet

Ulstein sokneråd har blitt kontakta om kyrkja i Ulstein kunne ta initiativ på ei markering som viser vår protest mot drap av sivile:

*I lys av dei siste vekers hendingar i Midtausten, og markeringa laurdag 28. oktober i Oslo, der preses i Den norske kyrkja holdt ein flott appell, lurar eg på om vi kunne fått til ei liknande markering i regi av Ulstein kyrkje. Er dette noko de som tilsette er interesserte i, og kan ta vidare til soknerådet sitt møte førstkomande onsdag?*

*Preses er tydeleg i sin tale, og seier mellom anna:*

*"Difor må bombinga slutte, gissel må vert sette fri, blokaden som hindrar millionar i Gaza å få tak i det mest basale dei treng, må opphevast."*

*Kan det vere aktuelt å involvere andre organisasjonar? Til dømes Ulstein KM?*

*Her er lenkja til appellen, som de sikkert allereie kjenner til:*

<https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/tusenvis-pa-solidaritetsmarkering-for-sivile/>

### HANDSAMING

Dette er eit godt initiativ og kyrkja er kalla til å vise omsorg og bistand og vere ei røyst for dei som lid naud og urett.

Ein bør unngå at ei slik markering blir ei politisk markering som tek parti for Israel eller Palestina men har fokus på at konflikt må løysast på måtar som ikkje fører til at sivile blir drept.

Markering skal vere open for andre organisasjonar og kyrkja vil invitere fleire om å vere med som arrangør.

Det er føreslått eit enkelt appell på Rådhustrappa etterfulgt av eit fakkeltog langs hovudvegen fram mot hotellet.

Kapellan Mirjam Håland Igland vil koordinere arbeidet og holde ein appell

### VEDTAK

Ulstein sokneråd stør initiativet og ønskjer at Ulstein kyrkje blir arrangør saman med andre mulige aktørar for ei slik markering med appell og fakkeltog.

## **S-SAK 2023/38 Velkomen som medlem i Ulstein sokneråd**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*Valresultat kyrkjeval 2023 for Ulstein sokneråd*

Gratulerer med valet som medlem i Ulstein sokneråd! Soknerådet er satt til å styre Ulstein sokn med sine ca. 6700 medlemar, eit arbeid med mange frivillige, eit mangfaldig gudstenesteliv, eit stor og aktivt barne- og ungdomsarbeid, eit engasjert omsorgsarbeid i samfunnet og eit rikt musikk- og kulturliv. Ulstein sokn har ein stab av engasjerte tilsette. På det første soknerådsmøte ønskjer vi å bli kjent med kvarandre, vi vil bruke tid til å lytte til kvarandres motivasjon og engasjement for Ulstein kyrkje sitt arbeid. Her ville det vere fint om alle medlemane og varamedlemane kunne førebu seg til det.

I starten av møtet vil vi vere samla med det soknerådet som trer av, mingle litt saman og får nokre gode helsingar med på veg.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka er ei orienteringssak utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Medlemane frå det gamle soknerådet delte nokre erfaringar frå sakar dei har jobba med og ønska det nye soknerådet alt godt for sitt arbeid.

### **VEDTAK**

Det blei ikkje fatta vedtak i saka.

---

## S-SAK 2023/39 Informasjon om arbeid i sokneråd

### UTGREIING

#### 1. Kurs for nye sokneråd

*Vedlegg: Invitasjon til kurs for nye sokneråd*

I regi av Møre bispedømeråd vil det bli gjennomført kurs for nye sokneråd tysdag, 7. november i Volda. Vi samordner reise i møtet.

#### 2. Strategidokument for Den norske kyrkja: Meir himmel på jord

*Vedlegg: strategidokument: Meir himmel på jord.*

Kirkemøtet 2021 vedtok ny strategi for hele Den norske kirke. Strategien gjelder fra 2022 til 2029. Visjonen om *mer himmel på jord* er den samme.

#### 3. Kirka vår – samla plan for arbeidet i soknet

Introduksjonsvideo: Kirka vår – samla plan for arbeidet i soknet

<https://ressursbanken.kirken.no/nb->

[NO/r%C3%A5dsmedlem/nyheter/2023/kirka%20v%C3%A5r%20samlet%20plan%20for%20arbeidet%20i%20soknet/](https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/r%C3%A5dsmedlem/nyheter/2023/kirka%20v%C3%A5r%20samlet%20plan%20for%20arbeidet%20i%20soknet/)

*Tilgang til Kirka vår for rådsmedlemmer:*

Alle menighetsrådsmedlemmer har fått et brev (sendt 10. oktober digitalt eller i posten) om at de kan be om tilgang til «Kirka vår». De blir der sendt til et skjema som er koblet sammen med valgresultatet, slik at det kun er de som er valgt som får tilgang. En e-post med brukernavn og mer informasjon vil bli tilsendt tidlig i november.

Vi vil lære meir om planverktøyet på kurs for nye sokneråd 7. november.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka er ei orienteringssak og blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Kyrkja vår kan bli eit godt verktøy til å samle viktig info om arbeid i soknet. Utvala vil få ei viktig rolle i å oppdatere om planer og aktivitetane på våren 2024. Soknerådet vil kunne jobbe meir strategisk med verktøyet for satsingane på haustsemesteret 2024.

### VEDTAK

Det blei ikkje fatta vedtak i saka.

---

## **S-SAK 2023/40 Val av leiar og nesteleiar i Ulstein sokneråd**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*Rundskriv nr. 1 - 2019 - Konstituerende møte og valg i menighetsråd og kirkelig fellesråd – veiledning*

*oppdatert i: Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd side 22-26 (som vert delt ut på møtet)*

I lovsamling for Den norske kyrkje, punkt 6.1, § 1 punkt 3 står det:

Soknerådet/kyrkjeleg fellesråd vel leiar og nesteleiar mellom rådsmedlemene i det konstituerande møtet og deretter kvart år. Valet vert gjort skriftleg. Den som har vore leiar eitt år, kan verte friteken frå val for det følgjande året.

Soknerådet tiltretr 1.november, fellesrådet tiltretr 1.desember.

#### **Vurdering**

Alle medlemene i soknerådet er valbare, men det er god demokratisk skikk at kandidaten som fekk flest røyster får tilbod om å bli vald til leiar.

I Ulstein er alle medlemene i soknerådet også medlemar i Ulstein kyrkjelege fellesråd. Ulstein kyrkjelege fellesrådet er Ulstein sokneråd pluss ein representant frå Ulstein kommune. I Ulstein har det vore tradisjon for at ordføraren er kommunen sin representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, med varaordfører som vara.

I kyrkjelege fellesråd med berre eitt sokn er det vanleg at leiaren i fellesrådet og leiaren i soknerådet er ein og same person, i og med at vi handsamar både F-saker og S-saker i same møtet.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Dei blei holdt skriftleg val for val av leiar:

Resultat: Odd Arne Vikebakk: 9 røystar – 1 blank

Dei blei holdt skriftleg val for val av nesteleiar:

Resultat: Silje Kiperberg Aksnes: 9 røystar – 1 blank

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd vel Odd Arne Vikebakk til leiar for Ulstein sokneråd og Ulstein kyrkjelege fellesråd.

Ulstein sokneråd vel Silje Kiperberg Aksnes til nesteleiar i ulstein sokneråd og Ulstein kyrkjelege fellesråd.

---

## S-SAK 2023/41 Val av representantar i utval og kontaktpersonar

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*Lenke til Årsmelding for Ulstein sokn 2022.*

[https://www.kyrkja.no/globalassets/fellesrad/ulstein-](https://www.kyrkja.no/globalassets/fellesrad/ulstein-sokn/dokumentfiler/dokument/2023_%C3%A5rsmelding%202022_net.pdf)

[sokn/dokumentfiler/dokument/2023\\_%C3%A5rsmelding%202022\\_net.pdf](https://www.kyrkja.no/globalassets/fellesrad/ulstein-sokn/dokumentfiler/dokument/2023_%C3%A5rsmelding%202022_net.pdf)

*mandat for gudstenesteutval, undervisningsutval, diakoniutval, utval for kyrkjemusikk og – kultur og vedlikehaldsutval*

Den største ressursen i Ulstein kyrkje sitt arbeid er dei frivillige. Her ligg det mykje motivasjon for saker dei er oppteken av på vegne av si tru og sitt engasjement for andre. I samarbeid med dei tilsette blir kyrkja bygget gjennom dette engasjementet. Soknerådet har den viktige rolla å leie dette mangfaldige arbeidet, å inspirere til engasjement og vidare vekst, og i å setje gode rammer for arbeidet. Engasjementet til det enkelte soknerådsmedlem er ein viktig faktor til å lykkes med dette. Talet på frivillige og medlemar frå soknerådet i eit utval kan vere fleire dersom utvalet ønskjer det.

Det trengst eit godt samarbeid mellom frivillige, tilsette og rådsmedlemar for at ressursane kan brukast godt, at nye idear kan setjast ut i livet, og at arbeidet vi driv kan bli utvikla vidare. Ulike form for arbeidsgrupper har denne funksjonen, og nokre av desse er meir formaliserte gjennom å vere eit utval med eige mandat der medlemane er oppnemnd / valt i soknerådet. Dei tilsette er del i desse utval etter område dei har eit særskilt fagansvar for.

Fleire satsingsområder til kyrkja har ikkje eit eige utval med mandat, men ein brukar andre måtar å engasjere seg for desse områda, t.d. gjennom arbeidsgrupper og kontaktpersonar. Slike oppgåver fordelast fortløpande mellom medlemane i soknerådet og kan vere tidsmessig avgrensa til kortare periodar enn heile soknerådsperioden.

I utgangspunkt skal kvart nye sokneråd oppnemne utvala for sin soknerådsperiode, men det er også mulig å gjere endringar undervegs. Mandata treng ei oppdatering og skal vere i tråd med det arbeidet utvalet utfører. Viktig er at utvala er aktive, er engasjert og involvert i fagfeltet sitt.

I Ulstein har vi kontaktpersonar for Kirken SOS og Kirkens Nødhjelp. Kontaktpersonane bør også vere på plass til møtet 4.desember.

Ulstein sokn har denne utvalsstrukturen:

**Arbeidsutvalet** skal vere samansett av leiaren for soknerådet pluss minst to soknerådsmedlemar. Soknepresten skal vere ein av desse, kyrkjevevjerje er sekretær for utvalet. Utvalet kan få delegert oppgåver frå soknerådet, rapporterer til soknerådet og førebur møta i sokneråds/fellesråd.

**Administrasjonsutvalet**, det einaste parts-samansette utvalet i soknet, samansett av AU unntatt soknepresten, og tillitsvald. Utvalet førebur tilsettingar, drøfter HMS- saker og drøfter personalrelaterte spørsmål med arbeidsgjevar. Kyrkjevevjerje er sekretær i utvalet

**Forhandlingsutvalet** - samansett av leiar, nestleiar og dagleg leiar. Forhandlingsutval ivaretek forhandlingar om løn og arbeidsforhold. Kyrkjevevjerje er sekretær i utvalet, men trer ut av rolla i forhandling om eiga løn

**Gudstenesteutval** - samansett av 1 medlem frå soknerådet, 2 frivillige, soknepresten, kapellanen, kantor og klokkar. For oppgåver – sjå mandatet.

**Undervisningsutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 2 frivillige, kateketen og kyrkjeyspedagogen. For oppgåver – sjå mandatet.

**Diakoniutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 2 frivillige og begge diakoner. For oppgåver – sjå mandatet.

**Kyrkjemusikk- og kulturutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 4 frivillige og kantoren. Utvalet har starta hausten 2024 og treng medlem frå sokneråd. For oppgåver – sjå mandatet.

**Ungdomsutval** – det er ikkje eige ungdomsutval i Ulstein sokn, men det er anbefalt å etablere

**Planutval for nytt kyrkjebygg** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 3 frivillige, 1 kommunal representant, soknepresten og kyrkjevevja.

**Økonomiutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 1- 2 frivillige og kyrkjevevja. Økonomiutval skal hjelpe å styrke soknet sin økonomi for vedtekne satsingsområde utover dei faste tilskot og bistå i budsjettarbeid.

**Utval for stell og vedlikehald av kyrkja** – samansett av 1 medlem i sokneråd og 2-3 frivillige, og kyrkjevevje. For oppgåver – sjå mandatet.

Ulstein sokneråd har **kontaktperson for Kirkens SOS**.

Ulstein sokneråd har **kontaktperson for Kirkens Nødhjelp**

### **Vurdering**

I denne omgangen skal soknerådet velje soknerådet sine representantar i dei ulike utvala. Det kan vere både faste medlemmar og varamedlemmar. Deretter skal desse, saman med tilsette-representanten, kome med framlegg om frivillige dei ønskjer å involvere i utvalsarbeid. Soknerådet utnemner utvala. Sokerådet bør satse på at utvala er operative i løpet av januar 2024.

Soknet driv eit stort arbeid og det kan vere mange utval å fordele 8 faste medlemmar på. Det har vore praksis at også varamedlemmane i sokneråd deltek ved å vere soknerådet sine representantar i enkelte utval.

I arbeidet med å rekruttere medlemmar til utvala bør soknerådet ta sikte på ungdomsrepresentasjon og omsynet til at begge kjønn er representert med minst 40%.

I Handbok for sokneråd står det under punkt 8.4 Andre utval at "for særskilde aktivitetar kan det vere mest praktisk å nemne opp ein kontaktperson". I Ulstein har vi kontaktpersonar for Kirken SOS og Kirkens Nødhjelp. Soknerådet kan vurdere å oppnemne kontaktpersonar for ungdomsarbeid, for vedlikehald av kyrkja, for misjon og for samarbeid med Ulstein KFUK-KFUM. Kontaktpersonane bør også vere på plass til møtet 4.desember.

### **Behov for representantar frå Ulstein sokneråd:**

Arbeidsutval: leiar, nesteleiar + vara

Administrasjonsutval: leiar, nesteleiar +vara

Gudsteneutval: medlem

Undervisningsutval: medlem  
Diakoniutval: medlem  
Kyrkjemusikk- og kulturutval: medlem  
Ungdomsutval: medlem  
Planutval for nytt kyrkjebygg: medlem  
Økonomiutval: medlem  
Utval for stell og vedlikehald av kyrkja: medlem  
Kontaktperson Kirkens SOS: medlem  
Kontaktperson Kirkens Nødhjelp: medlem

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

## **HANDSAMING**

Arbeid i utvala er ein måte å jobbe strategisk på med ulike område av kyrkjelydslivet. Utval er viktige ressurs for å utvikle nye idear på i samspel mellom rådsmedlemar, tilsette og frivillige. Utvala hjelper soknerådet med å gi gode styringsimpuls.

Ein treng å bruke meir tid på å fordele soknerådsmedlemar på ein god måte på dei uloike utvala.

## **VEDTAK**

Ulstein sokneråd tek opp saka om fordeling på utval på sitt neste møte.